



Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Vår ref.:
20/6705 - 20/29382 / ANES

Dykkar ref.:

Dato:
18.09.2020

Uttale frå Kinn kommune - Reviderte statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona på høyring

Kinn kommune kan ikkje sjå kva endring som er gjort i nye utkast til strandsona retningslinjer for den sona vi ligg i; sone 3. Vi ser at dei er skrivne om og korta litt ned. For sone 3 kan ikkje vi sjå innhaldsmessig endring. Dersom det skal vere noko føremål med ei revidering av stransoneretningslinjene må det vere ei reell endring.

Kinn er ein kystkommune med mykje strandlinje. Historisk og i dag skjer mykje av aktiviteten ved sjøen. Vi meiner det er viktig å tilrettelegge slik at kommunen blir attraktiv å bu og jobbe i. Det inneber både å ta vare på strandsona og kvalitetane her, men og å legge til rette for ein fornuftig bruk av dei same områda. Kommunen må få større mogelegheit til å vurdere saker på bakgrunn av lokalkunnskap. Det kan vi løyse på to måtar: 1. I planprosessar blir kommunen sin lokalkunnskap og vurderingar tillagt større vekt enn i dag. 2. Kommunen får større mogelegheit til å gje dispensasjonar utan at desse skal høyrast av fylkesmannen. Slike saker er tiltak i områder med utbygging og tiltak frå før, og der kommunen meiner nye tiltak ikkje fører til *meirprivatisering*, heller ikkje gir negative konsekvensar for dei biologiske tilhøva i strandsona. Vi meiner det er uheldig når det er for stor avstand mellom kommunen si haldning og fylkesmannen si haldning til strandsonopolitikken. I eit ideelt samarbeidsperspektiv burde fylkesmannen i størst mogleg grad vere ein fagleg støttespelar og rådgjevar. Kinn kommune meiner at kysten og strandsona er best tent med retningslinjer som gir kommunane større sjølvråderett.

Konkrete forslag til endringar

Kinn kommune gjer difor framlegg om at følgjande må innarbeidast i nye rikspolitiske retningslinjer for differensiert strandsoneforvaltning i sone 3:

I samband med utarbeiding av overordna planar (kommuneplan/delplan og områdeplanar) må kommunen få fridom til å gjere lokalpolitiske vurderingar, der det ikkje ligg føre konkrete nasjonale interesser. Slike lokale vurderingar må vere basert på vurdering av ulike samfunnsinteresser, t.d. utvikling av attraktive arealer for bustad, næring og hytter, opp mot behovet for vern av natur, friluftslivinteresser og allmenhetens interesser.

Kommunen er samd i at utvikling av strandsona skal vere basert på overordna planar. Uansett vil overordna planar, med dagens regelverk for planar, ikkje ta høgde for alle situasjonar som vil oppstå. Retningslinjene må difor opne for aksept av ein viss grad av dispensasjonar, så lenge dei er

i samsvar med føremålet med overordna plan. Herunder arealstrategiar, vedteke som ein del av kommunen sin samfunnsdel. Heilt konkret kan dette bety:

1. I større grad tillate bruksendring av eksisterande bygg i strandsona.
2. Kommunane får høve til å gje dispensasjonar i følgjande saker utan å sende desse på høyring til fylkesmannen:

- påbygg eller anneks på/ved eksisterande bygg

- fastbrygger og/eller flytebrygger i tilknytning til eksisterande bygg

- andre mindre tiltak der kommunen vurderer tiltaket til å vere i samsvar med overordna plan.

Slike saker er tiltak i områder med utbygging og tiltak frå før, og der kommunen meiner nye tiltak ikkje fører til meirprivatisering, og heller ikkje gir negative konsekvensar for dei biologiske tilhøva i strandsona.

Kommunen meiner og at det må bli lettare å få til bruksendring av eksisterande naust og sjøbuer, då dette i dei aller fleste tilfelle er einaste måten å bevare slike bygg på. Ei meir liberal haldning her vil såleis gjere det lettare å ta vare på desse bygga og, i det store bilete, kystkulturen.

Vi forstår at vi må sjå tiltaka i strandsona i ein større samanheng, og at dei må vere tufta på overordna plan. Då må samstundes planane kunne vere fleksible og smidige slik at dei gir rom for ulike plangrep. Innbyggjarar og tiltakshavarar kan oppleve ein streng planpolitikk og ein streng dispensasjonspolitikk som forbod. Det kan hemme den utviklinga vi treng på kysten.

Fullstendig saksutgreiing er vedlagt.

Helsing

Anders Espeset
avdelingsleiar plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg

Revidering av statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona - Høyring